



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Brooke Wilkerson, 5557 2323

Vår dato
18.11.2016
Dykkar dato
31.10.2016

Vår referanse
2013/13325 421.4
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Samtykke - detaljhandel - Askøy - sentrumsplan - Kleppestø - områdeplan

Vi viser til brev av 31.10.2016 med uttalefrist 21.11.2016. Saka gjeld søknad om samtykke til nytt bruksareal for handel i samband med plan for regionsenteret Kleppestø sentrum, Askøy kommune.

Kleppestø er kommunesenter og regionsenter samt at kommunen som heilskap har underdekning av detaljhandel, slik handelsanalysen viser. Planforslaget legg opp til eit totalt handelsareal i Kleppestø Senter (eksisterande kjøpesenter) på totalt ca. 40 000 m². I tillegg vert det opna for etablering av detaljhandel på kaiområdet. Omfanget av handel her er ikkje fastlagt i planen.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at reguleringsplanen for Kleppestø sentrum strir mot måla i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland*, med tilhøyrande regionale føresegner og retningslinjer. Vi har difor ingen merknader til at Hordaland Fylkeskommune gjev samtykke til planen si løysing for nytt bruksareal for detaljhandel .

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Arve Meidell
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.